

NR 2 2011 – INFORMASJON FRA HORDALAND FYLKESKYSTLAG – 18. ÅRGANG



Bak fra venstre: M. Taraldsen - S. Midtøy - J.M. Steinsland. Foran fra venstre: S.M. Kalvenes - van der Meeren - A. Nesse - M. Nesse - M. Heimark - O. Heimark. Liggande foran: M. Drivenes.

Austevoll kyst- og sogelag fekk sitt andre napp i "Vandrepokalen for gavlabåtar" i seglasen under årets Hordakyststemne.

Hordaland fylkeskystlag takkar Sagvågen Kystlag for eit flott stemne!

Leder	2	Oppmålings- og
Kulturminner til adopsjon!	2	Dokumentasjonskurs
Båtbyggjaren svarer	3	Rodorry
Oselvar – den levande båten	4	Galeas Gurine heim
Samling i Austevoll	6	til Rosendal
Indre Sogn kystlag	7	Kystkalender
		11
		15

Ein stad å vere - eit grunnleggande element for kystlag som skal ivareta kystens kulturminner!

Det er mi erfaring fra mange år som leiar i Hordaland Fylkeskystlag at dei lokallaga som har høgast aktivitet året igjennom, er dei laga som har ein tilhaldsstad dei kan vere i heile året. Det er ikkje berre snakk om at folk treng hus som det heiter i songen. Men i kystlagssamanheng er det også mange kulturminner som båtar, motorar og anna kystkultur-relaterte gjenstandar og utstyr som laga samlar og tar vare på som treng hus i vere i. Om vinteren skal båtar og motorar vølast og settast i stand, det vert halde kurs innanfor ulike håndverk osb.

Det er rett og slett ikkje så lett å drive på med slik virksomhet året igjennom, og år etter år, utan tak over hovudet. Mange kommunar stiller velviljig opp med både tilskot og assistanse med å gje kystlaget ein tilhaldsstad. Gjerne ein stad der f.eks. kystlaget sjølv står for rehabiliteringa av husa.

Typiske døme på dette er garden på øya Romsa som er tilhaldsstaden til Kystlaget Romsa. Sveio kystlag har sin base på ein nedlagt kommunal barneskule, her har dei rehabilitert husa og bygger nye hus som husar båtar, motorar og det siste nye vert eit museum. Også Fjell kommune er eit eineståande eksempel på ein god samarbeidspartner for det lokale kystlaget.

Bergen kystlag, det største lokallaget i Hordaland, har i alle sine virksomme år hatt sitt tilhaldstad i gamle sjøboder i Sandviken i Bergen. Og me er sikkert mange i Hordaland, og ellers i landet også, som har hatt glede over å vitja lokallaget i Bergen i ulike kystkulturelle samanheng. På den måten også fått kjennskap til den fine gjestfriheten og mottagelsen som kystlaget i Hordaland har fått hjå Bergen kystlag.

På same vis har kystlagsmedlemmer frå Bergen i alle

år vore tilstades på ulike arrangement hjå andre lokal-lag rundt om i fylket. Det var difor leit å få høyre at kystlaget i Bergen i haust var sagt opp frå lokala sine. Eg reknar med dette rett og slett var ein misforståelse og at med klokskap og visdom frå alle partar involverte så vert dette løyst på ein fin måte.

Kommunane har fått eit visst lokalt ansvar når det gjeld kulturminner, og frivillige organisasjonar som ivaretar kystens kulturminner bør kyst-kommunane ta under sine vinger. Helst store havørnvinger!

Med ynskje om ei fin adventstid i kystlaget - under tak - og med mykje lys og varme! ☺

Helsing Ingunn Vardøy, leiar HKFL

Kulturminner til adopsjon!

Forbundet Kysten lanserer for 2012 prosjektet Adopter eit kulturminne - eller kulturarv om du vil - eit fellesprosjekt for lokallaga. Eit prosjekt me kan samlast om til felles glede. For nokre år sidan hadde me tema Tradisjonsmat som fellesprosjekt. Dette skapte mykje aktivitet rundt om i lokallaga. I fylkeskystlaget samla me inn

matoppskrifter frå lokallaga og gav ut i ei ekstrautgåve av Åreblad. Kanskje me kan gjera noko tilsvarande i Åreblad når det gjeld kulturminner.

I dette prosjektet, som i matprosjektet, vert det nok litt opp til kvart og eit lokallag å finna si form på prosjektet, finna sitt eller sine kultur-

minne dei vil verne om, ta vare på, eller løfta opp og gje ekstra oppmerksamheit i kystlaget og/- eller i lokalmiljøet. Kanskje også involvere barneskulane lokalt?

Kva med den immaterielle kulturarven - kan den adopterast?

Norge vedtok i Stortinget i januar 2007 å ratifisere

Unescos konvensjon Vern av den immaterielle kulturarven. Det heiter at "konvensjonen skal legge grunnlaget for en mer målrettet og systematisk innsats for å dokumentere, bevare og fremme immaterielle kulturuttrykk som muntlig fortellergenre, ritualer og skikker, dans, musikk, kunnskap om tradisjonelle håndverk osb"

Enda så er det vel ikkje så mykje "målretta og systematisk" me har sett utfrå vedtaket, men...ting tar tid og - - Ja, eg vil sei at her er det i hvertfall mykje som kvart og eit kystlag kan gripa fatt i tilknyting til adopsjonsprosjektet.

For eksempel er det sikkert personar som me veit om no som innehavar kunnskap om tradisjonelt håndverk - det kan hende det hastar mykje med å få overført til nye hender den kunnskapen. Eller kva med å ta oppatt igjen den gamle tradisjonen med å sitja og fortelja historiar i skumringstimen?

Den offfisielle lanseringa av prosjektet vert på kystlagsseminaret ombord på hurtigruta M/S "Trollfjord" 23 - 25 mars 2012, på strekninga Bergen - Trondheim. Kvart kystlag kan melde på ein person - kontakt lokallagsleiaren din dersom du har lyst å delta. Eg håpar mange personar fra lokallaga i Hordaland har anledning å vera med på semiaret! Sjå elles www.kysten.no.

Helsing Ingunn Vardøy
leiar HFKL

Vel overstått 70-års dag til Claus Almås!



Bilete av Claus i knivbua er teken av Roger Sangolt

Claus Almås frå Sagvågen Kystlag er ein av pionerane i kystlagsarbeidet i Hordaland. Han har mange års fartstid som styremedlem i Hordaland Fylkeskystlag og som leder for en rekke prosjekter i Sagvågen Kystlag.

Claus er også ein ivrig knivmakar og du finn han ofte i knivbua si på kaien i Sagvågen. Heldig er den som eig ein kniv som Claus har laga!

Båtbyggjaren svarer

Båtbyggjar Hallgeir For-strønen Bjørnevik gjev råd og vink om korleis halde trebåten i topp stand. Han har lang erfaring med restaurering og nybyggjing av trebåter med spesiell kunnskap rundt Oselvaren.

Han vil i denne spalten svare på spørsmål frå lesarane til Årebladet, og ber lesarane sende sine spørsmål til bjoernevikbaat@live.no

Eg får ofte inn båtar i verkstaden min der det har kome ein sprekk eller to i borda. Og då er spørsmålet, kva kan eg gjere med det. Finns det botavon?

Det er alltid kjedeleg med med slike skader, og kan øydeleggje mang ein fin tur med færingen. Båten kan bli svak og utrygg å bruke, ein får ein svakhet i bordet og dermed i båten. Så dette må ein finne ei løysning på.

I eldre tider pleide ein å leggje inn spenger over sprekka og leggje tjørehamp eller liknande i sprekka. Desse spengjene var ofte laga av galvanisert jarn, og var å få kjøpt i jarnvarer med godt utvalg. Ein kan og sjå at dei har vore laga av edlare metall som kopar eller messing.

Det gjekk og an å leggje ei langsgåande bot over sprekka gjerne då med filt imellom. Bota kunne vera av tynt blekk eller

kopar/messing. Bota kunne leggjast både på utsida og innsida, men berre på ei av sidene. Plata vart klinka fast med rø på motsatt side av plata. Dette var og er ein grei måte å tette ei sprekke på, men det finnes andre måtar som i våre dagar kanskje er vel så bra.

Ein metode som er god å bruke er av meir moderne karakter og krev eindel spesialverkøy og epoxylim. Vi må ha tilgang på ein handoverfres, altså ein fres som ikkje er fastmontert i eit bord.

Metoden er å frese eit spor over sprekka får så å lime inn ei lista i fresesporet.

Det ein gjer er å snu båten opp ned og leggje den på eit stødig underlag slik at den ligg godt. Finn sprekka/ sprekken og spikre / skru ei lista i underkant av sprekka like lang som den er. Denne lista blir no styringa for fresen og ein må måle frå kanten av landet på fresen og inntil senter av fresen, slik at

fresesporet kjem mitt i sprekka. På min ELU fres er det 5,5 cm frå lista til senter sprekkk. Sporet ein skal frese skal vere ca 15mm breitt, og det skal berre gå halvvegs inn i bordet. (Ca 6,5mm på eit børebord, Oselvar) Det kan vere lurt å lage seg eit prøvestykke der ein finn ut korleis fresen beveger seg, det er viktig at ein byrjer frå riktig side, ellers kan fresen ta ut og gjere skade både på båt og handverkar.

Etter at sprekka er frest, tar ein ei handsag, gjerne ei rotterumpe og sager gjennom sprekka heilt inn i båten. Dette er for å få reint treverk før ein skal lime.

Når dette er gjort, må ein krype på innsida av båten og forskale. Dette gjer ein enklast med malertape eller pakketape. Stryk tapen godt inntil slik at limet ikkje sig ut. Så er det å krype ut igjen og lage til lista som skal ligge ned i det nyfreste sporet. Denne lista skal lagast av omrent same materiale som bordet, og gå litt trangt ned i,

men ikkje presse . Lista kan ein feste med små stift eller skruer, husk at dei skal ut igjen når limet er tørt og skal vise minst mulig.

Då er neste steg å blande lim i riktig forhold og fylle ned i sprekka. Bruk gjerne ein pensel slik at ein kjem til over alt. Ein kan gjerne blande fyllstoff i limet, men det fungerer med blank lim også. Tenk på kva farge du har i båten innvendig og kva finnish du vil ha. Blank lim vil bli litt mørk når den blir smurd.

Etter at limet har størkna, tar ein utatt skruer/stift, og høvler og pusser ned lista slik at den er jamm med bordet. Innvendig tar ein av tapen og pusser vekk limet som er til overs.

Så er det bare å smøre båten og glede seg til neste tur.

Lukke til!

*mTre
Oselvarspezialisten
www.bjornevikbaat.com
Tlf. 93026747*

Oselvar – den levande båten

Underteikna er forfattar av boka *Oselvar – den levande båten* som snart kjem i handelen. Arbeidet med boka har gått føre seg sidan 2004 og nærmar seg no sluttføring, for tida syr eg saman bildeforteljinga i boka. I den samanheng er det framleis opning for å inkludera gode bilete som måtte dukka opp. Det har heile vegen vore eit sterkt ynskje at boka skal speglia heile bruksområdet til Oselvaren, det vil seie ha bilete frå store delar av Hordaland. Vidare er det òg ynskjeleg at boka har bilete av

folk i ulike aldrar, av både kjønn, med ulik økonomisk bakgrunn, ulike årstider osv. Sjølv om bokarbeidet så langt har kasta av seg ein digital bildedatabase med mange tusen bilet, er det framleis nokre motiv som manglar. Eg vonar difor på napp på fylgjande motivtypar: ulike variantar av motorfeste/innombordsmotor, fargefoto av smørjing av båt, barn i båt, båtbruk vinterstid eller i ruskavêr, fiske/frakt av dyr eller høy/ved/torv eller anna tung last, båtstell/ reparasjonsarbeid/skraping,kystlagsaktiviti-



tet, kappsegling eller kapproing og kunstnarlege uttrykk der Oselvaren har vore inspirasjonskjelde. Eg er òg interessert i å koma i kontakt med folk son skal gjera reparasjonar på Oselvar no i

vinter. Sist, men ikkje minst, er eg på jakt etter logo frå kystlaga og andre tilsvarande aktørar i Hordaland.

Om du/de har bilete, tips eller gode soger som kan vera aktuelle, nøl ikkje med å ta kontakt på kjellmag@gmail.com eller 95 04 67 39.

Vidaresend gjerne dette til andre som kan ha interesse/vera til hjelp!

Kaproingscup i Hordaland

Eit viktig mål med boka er å stimulera til auka bruk av både Oselvaren og andre tradisjonelle båtar. I sumar var eg på Færøyane, der kaproing i dei tradisjonelle båtane er nasjonal sport som får stor merksam. Noko slikt kunne også vere gjort her på Vestlandet.



Eg vil difor nytta høvet til å kasta fram ein tanke om ein kaproingscup. Fyrst innleiande runde på lokalt plan, dinest kunne ein hatt ein regional finale der dei ulike vinnarane møter kvarandre. Kan hende kan den lokale utgåva avviklast i samband med til dømes jonsokfeiring, marknadsdag i løpet av sumaren eller som ein del av Kystsogevekene? Den regionale finalen kunne til dømes vere i samband med avslutninga av Kystsogevekene? Kan hende kunne ein tenkja seg skiftande finalestad for kvart år, eventuelt at vinnarane arrangerer året etter? Vidare tenkjer eg meg at den lokale utgåva skjer med lokale, men sjølvsagt nokså jamgode, båtar som vert tildelt etter loddtrekning. Båtane kan godt vera seksæringar, som vil ha plass til fleire rorar, men færingar går også fint. Kanskje kunne regionfinalen gått føre seg i dei gamle kaproingsbåtane til Oselvarlaget? Å laga til ei publikumsvennleg løype nært land, slik at ein får løp som varer fire til seks minutt, burde ikkje by på særlege vanskar. Klarer ein å få lokalavisa med på laget samt finna ein engasjert speaker på eit høgtalaranlegg burde ei god ramme vera sikra slik at

dette kan verta både alvor og løyje. Same dagen som kaproinga kan ein også ha Roknappen-prøvar med felles premieutdeling på ein scene etterpå, der det også er premiar for til dømes beste drakter og fiaskopris? Attåt reportasje i lokalavisa kan det godt koma nokre ord/bilete/film på ei felles vevside i etterkant? Det vil i så fall kunne byggja opp merksam mot ein regionfinale.

Deltakarane då, spør du kanskje? Kven er dei? Eg tenkjer meg fire ulike klassar: menn, kvinner, gutter under til dømes 16 år og jenter under til dømes 16 år. Her bør ein gå breitt ut, senka terskelen så lågt som råd for å få deltaking. For å oppnå lokal identitet kan ein utfordra arbeidsplassar, skuleklassar, bygdelag, idrettslag, familiær og byggjefelt om å stilla. Kanskje sponsar ei lokal verksemid premiane? Målet med det heile er uansett at mange skal koma utpå i robåten, prøva han og forhåpentligvis ha det moro. Vonleg kan dette inspirera dei til å ta båten i bruk resten av året også. Er det nokon som tek utfordringa?

Helsing
Kjell Magnus Økland

<p style="text-align: center;">Kjell Magnus Økland</p> <p style="text-align: center;">Oselvar - Den levande båten -</p>	<p>Oselvarklubben har sidan 2004 arbeidd med eit større bokverk om Oselvaren. Boka vert delt i fire delar:</p> <ol style="list-style-type: none">I. Tradisjonell bruk: historisk utvikling, båtbyggjarane, byggjing, fiske, frakt og forlis.II. Moderne bruk: sport i form av kaproing og kappsegling samt arbeidet for å ta vare på båttypen.III. Bruksrettleiring med innføring i bruk og stell av båten: roing, rigging, segling, lagring og smørjing.IV. Oppslagsverk: ordliste, resultatstatistikk, register, tidslinjer, sluttnotar, pokaloversyn og styreverv.
--	--

Samling i Austevoll

Austevoll kyst- og sogelag og Hordaland fylkeskystlag inviterte til seminar i mai i Austevoll med diskusjon og innspill til hvordan rekruttere nye aktive til kystlagene. Seminaret samlet over 30 deltagere og fant sted i Gamleskulen i Vestre Vinnesvågen. I diskusjonene som fulgte, der mange deltok, var det en samstemt oppfattning at det må satses på barn og unge fremover. Aktivitetene kystlagene legger opp til bør være såkalte lavterskel tilbud med vekt på friluftsliv, enkle aktiviteter og lek. Spesielt bør det satses på barnefamilier.

Generasjonsfenomen eller livsfasefenomen?

Jonatan Krzywinski fra Bergen kystlag, var i sitt foredrag opptatt av at medlemsmassen i kystlagene stadig blir eldre. Han mente at morgendagens voksne og eldre vil ha andre erfaringer og andre referanser enn dagens aktive medlemmer i kystlagene. Hvilke referanser, minner og kunnskap vil morgendagens voksne ha? Krzywinski mente at det er viktig å gi barn og unge gode opplevelser med kystkulturaktiviteter. Det må legges opp til lavterskel aktiviteter som er attraktive for barn.

Tore Friis-Olsen fra forbundssekretariatet drøftet i sitt innlegg hvorvidt den store andelen godt voksne og eldre i kystlagene står i fare for å bli et generasjonsfenomen og dø ut med de generasjonene som



Svein Midtøy, leder i Austevoll kyst- og sogelag ønsket deltagerne velkommen. Han var opptatt av at kystlagene bør engasjere flere og var særlig opptatt av barn og unges deltagelse. Foto: Tore Friis-Olsen.

Diskusjon

er aktive nå. Eller om vi skal forstå deltagelsen i kystlagene som et såkalt livsfasefenomen, at vi har appell til mennesker som har kommet til et punkt i livet der de begynner å se seg tilbake, som har nådd over den første hektiske fasen av voksenlivet med etablering av familie og yrkesliv.

Hallgeir Bjørnevik, båtbygger og medlem av styret i fylkeskystlaget, fortalte om erfaringer fra kystkulturarbeid der alle 9. klassingene i Os hver høst drar på tur med oselvere. Ungdommene får opplæring i bruk av båt av medlemmer i Oselvarlaget.

Ordføreren i Austevoll kommune, Helge A. Njåstad besøkte seminaret og fortalte om kommunens satsning på kystkultur. Austevoll kommune har tre maritime barnehager og de skal i gang et større naustprosjekt.

Flere sa de strevde med å få folk med, først og fremst unge folk. Kystlagenes aktiviteter oppfattes som ikke viktig eller relevant for folk.

- Aktivitetene vi tilbyr må være av ”lavterskel” type. Skal være lett å bli med. Særlig for barnefamilier.
- Lavterskel betyr også at det ikke skal være dyrt å være med.
- Austevoll kystlag opplever at folk faller fra. Møllo var en gang viktig, det var et prosjekt folk samlet seg om, nå faller folk fra, de aktive bli stadig eldre. Ingen nye som kommer til.
- Ungdommen må selv velge sine interesser.

Diskusjonen ga ingen klare løsninger, åpnet opp for gode ideer, men også utfordringer. Dette er helt klart problemstillinger vi må jobbe videre med. Vi må satse på både livsfasemedlemmer og unge. Vi må ha tidsavgrensede arrangementer og langsiktige prosjekter.

Tore, Jonatan og Hallgeir

Slo kloa i attraktiv båtpremie

Båtentusiast John Drønen fra Austevoll stakk av med premien i Tysnes Kystlag sitt store bålotteri.

– Me vart sjølvsagt kjempe-glade for å vera trekte ut, og også litt sjokkerte, fortel ekteparet smilande.

Båtpremien omfatta i tillegg både påhengsmotor, båt-hengjar og fiskeutstyr. Fenderar, årar, tauverk og redningsvestar følgde også med. Totalverdien på premien er godt og vel 60.000 kroner.

Fekk inn over 140.000

Tysnes Kystlag fekk inn over 140.000 kroner på lotteriet. Det er leiar, Leif Dagnund Øvrevåge, svært godt nøgd med.

– Lotteriet vart veldig god butikk for oss. Det var lett å selja lodd med ein slik fin premie. Folk

kjøpte heile loddbøker, fortel Øvrevåge. Han rettar samstundes ei stor takk til Gerhard Alsaker og LOS Fjord, båtprodusenten som stilte med båten i premie. Leiaren i kystlaget skryt også av alle dei andre verksemndene i Tysnes som sponsa ekstrautstyr til båtpremien. Innntektene frå lotteriet skal gå til å finansiera kystlaget sitt nye lagshus på Årbakka. Lags-huset som ligg i andre etasje i eit av bygga til Årbakka Handelsstad, er så godt som ferdig. Her manglar det berre tauverk til lister, kjøken-innreiing og møblar. Tanken er at huset skal nyttast til kurs og møteverksemnd for kyst-laget, men det skal også vera tilgjengeleg for andre frivil-juge lag som 4H og bygdelaget.

Hadde gløymd heile lotteriet

Vinnaren kjøpte loddet sitt

torsdagen før Tysnes Rundt. John og Gunnlaug var på dagstur til Tysnes. Her vitja dei Haaheim Gaard, båt-byggjaren Egil Meland og Årbakka Handelsstad.

– Me var her på Årbakka kring halv tolv. Handelsstaden opna ikkje før tolv, men ei hyggjeleg dame sleppte oss inn og viste rundt. Det var då me kjøpte loddet, fortel John. Han hadde heilt gløymd lotteriet då han vart oppringd av leiaren i kystlaget.

– Eg trudde trekkinga var unnagjort for lenge sidan. Både han og kona har eit nært forhold til båtlivet og er etter eige utsegn «fødd og oppvaksen» ved sjøen. Ekte-paret har fleire båtar frå før, men det gjer ingenting.

– Det er plass til ein båt til i naustet, forsikrar John smilande.

*Skrevet av Jostein Halland, har tidligere stått på trykk i Tysnesposten.
Gjengitt med tillatelse.*

Indre Sogn Kystlag

Hei eg heiter Morten Lerum Bondevik og har nett bestått båtførar-prøven med Indre Sogn Kystlag i Sogndal. Det er morosamt å være medlem av kystlaget.



Og det er veldig kjekt for oss ungdommar at me får lov til å låne og føre båtane til kystlaget. På den måten få me praktisk erfaring med alt me har lært på båtførarkurset

Indre Sogn Kystlag har sin base med naust, stø og kaianlegg ved Ambla-bukta på Kaupanger som ligg innerst i Sognefjorden.

Lokallaget har tilrettelagt for ulike kurs i lokal-samfunnet vinteren og våren 2010/2011. Nyhende i vinter var arrangementet med opp-måling og dokumentasjon av ein sjeldan gamal æring. Ein tradisjonsbåt som laget har fått i gave av familien Morland frå Indre Offerdal. I tillegg vart det arrangert båt-førarkurs i slutten av mai, som eg deltok på.

No om våren er aktive medleamar i gang med å pussa opp gamle trebåtar. Og i sommar skal vi lære folk å ro og føre både motor og seglbåtar.

Nedanfor er bilde av skøyta M/S “Bjarny”.

I 2009 gjekk kystlaget til innkjøp av ei skøyte frå 1951. Eg var så heldig å bli invitert med på turen til Bergen for å hente ho. Me reiste med

ekspressbåten frå Sogndal til Bergen for å henta skøyta. Det var ei stor oppleving og få køyre båten heim att.

Indre Sogn Kystlag har tilrettelagt for miljøvenleg ferdsel og robåtutleige i Nærøyfjorden.

Sjå www.kystled-sogn.no
Kontakt Svein Tufte
mob. 905 26 324.



Oppmålings- og dokumentasjonskurs, Indre Sogn Kystlag

I november 2010
arrangerte Indre Sogn
Kystlag et kurs hvor de
målte opp og
dokumenterte den minste
robåten de er stolte eiere
av – den snart 100 år
gamle ”Plytten”.

OPPMÅLT BÅT –
PROSJEKT NR 675
Kursoppmåling i Kaupanger

Båt:
”PLYTTEN” - Einroing frå
indre Sogn brukt til skyssbåt.

Teikningar:
675-1 Profil
675-2 Langskipssnitt og plan
675-3 Snitt og detaljar

Eigar:
Indre Sogn Kystlag

Hoveddimensjonar:
Største lengde: 4,590 m
Største bredde: 1,200 m
Lengde i norske fot: 14 fot 7
½ tomme
Lengde/bredde forhold: 3,83

Byggjeår og båtbyggjar:
Båten vart bygd i året 1917 av
båtbyggjaren
Jens Halvorsen Natvig
fødd 20/07-1870 og døde i
1943.

Jens var født i Naddvik. Han
var båtbyggjar og bygde
mange båtar. Han gjekk i lære
hjå Ingebrikt Henjesand frå
Leikanger og busett i Indre
Offerdal - Årdal Kommune i
Sogn



Foto: Marny Tønnesen november 2010 fra oppmålingskurset med kurslærer Svein Langvik og kursdeltaker Mons Loven fra Aurland

Historie:
Einroingen ”Plytten” vart gitt i
gåve til Indre Sogn Kystlag i
2008 av familien Olav
Morland på Kaupanger.
”Plytten” vart bygd av Olav
sin bestefar Jens Halvorsen
Natvig i 1917 til Christian
Offerdal som på den tida var
direktør i Lerumfabrikker og
eigar av eit Granitt
steinhoggeri i Offerdal. Alt
materialet til båten er laga på
det gamle sagbruket med
oppgangssag i Indre Offerdal.
Båtbyggjaren Jens Halvorsen
Natvig bygde båten så sonen
Andreas, som i 1917 kun var
12 år, skulle få arbeid og
bruke båten som skyssbåt.
Andreas fekk ro-jobben og
skyssa Christian Offerdal kvar
dag til og frå steinbrotet i
Offerdalen for 3 øre dagen.

Forbundet KYSTEN starta ro-
kampanjen i 2010 og Indre
Sogn Kystlag tilrettelagde for
den første ro-opplæring for
born i Kaupanger på ”Kysten
sin dag” den 9. juni i 2010.
Mange, både jenter og gutter,
tok ro-knappen på Amlabukta
i Kaupanger den dagen.

Indre Sogn Kystlag har som
føremål å ta vare på alle dei
gamle tradisjonsbåtane som

laget har tilegna seg etter at
lokallaget vart skipa i 2002.
I november starta vi opp med
vårt første oppmålings- og
dokumentasjonskurs av ro-
båtane. ”Plytten” er gjerne ein
av dei mest interessante
båtane me har ford: Målsetjinga
er å få læra opp barn og unge til å både
bruka og stella båtane. Ro-båten
”Plytten” (som tyder liten), er
heilt unik og ideel til ro-
opplæring for born.

Det må forteljast at den første
som tok ro-knappen i juni
2010 hjå Indre Sogn Kystlag i

einroingen "Plytten", var olderbarnet til Jens Halvorsen Natvig og som er barnebarnet etter den 12 år gamle skyssguten Andreas, det var nemleg Alexander Morland som er fra Kaupanger og som er elev på Kaupanger Skule.



Foto: Marny Tønnessen juni 2010 – Alexander Morland oldebarnet etter båtbygger Jens Halvorsen Naddvik til høyre på bilde

Teknisk Spesifikasjon

Båten er ein typisk sognebåt med tre omfar og ripebord. Den er slank og elegant og som einroing har den berre eitt rom. Både halsane og overhalsane er hogde. Den er bygd til ein gut på 12 – 13 år og den har fine proporsjonar i høve til dette. Det er bete (bekk) under framtofta og for



Foto: Marny Tønnessen juni 2010 av "Plytten" på Sognefjorden i Amlabukta. I båten sitter Sognebåtbygger Jon. R. Jacobs.

å få rett høgd for roaren har framtofta ein boge oppover. Stammene både framme og bak har kaning. Stammnar og lot er av bjørk, resten er av furu.

Det er brukt fabrikklaga varmforsinka saum med runde roer. Avstand mellom saumane er ca 200 mm. Kjølbordet er klinka til kjølen med saum og ripebordet er festa med båtspiker til esing


og slagbord. Bordgangane er klinka til banda med saum.

I indre Sogn brukar ein desse namna på bordgangane:

- Framhals og bakhals med botnabord mellom
- Overhals framme og bak med midtykke eller stavindebord mellom
- Slagbord
- Ripebord

"PLYTEN"
Sognebåt bygd 1917
Lengde: 4,590 m
Bredde: 1,200 m
Lengde i norske fot: 14'7 9/16"
Kursoppmåling 28.-29.11.2010
22.1.2011 Svenn Langvik

675 - 1



Rodorry

Ei lita soge om ein av dorryane til D/S „UTRØST“, H 20 FA frå Kviturspollen, Hjellestad.

I 1945 tinga Johs J. Bjelkerø, eigaren av DS „Utrøst“, 2 stk notdorryar i Tresfjorden. Dei fekk berre tak i 1 motor, derfor vart det bygd og levert 1 motordorry og ein rodorry. Etter ein sesong på Island vart rodorryen erstatta av ny motordorry og førstnevnte vart lagra på sjøhuset som reservebåt. Dette fortel brørne Johs og Mons. Johs J. Bjelkerø var farfar deira.

D/S „Utrøst“, bygd i 1870, var den siste kolfyrte snurparen i Noreg. Ho gjekk ut av fiske i 1956 og enda sine dagar hos Brødr. Anda Skipsopphogging i Stavanger.

Opsangervågen veteranbåtlag kjøpte rodorryen for eit par år sidan. No i sommar (2011) vart han henta med M/K „VAARSOL“ og med god hjelp av Rune og gjengen frå Hope Trebåttag i Skogs-vågen og Johs Bjelkerø med traktor vart han sjøsett. Etter 66 år på land kom han på sjøen igjen. Flaut gjorde han og, i alle fall nokre timer. Slepset byrja straks og turen gjekk bra. Dorryen vart sjølvlensande, det synes godt på bildet.

Etter eit par veker til trutning på Opsangervågen vart det slipping hos Andor Tveit, der det skal bli kystkultursenter. Der vart dorryen pussa opp og noko saum vart skifta. Han vart klargjort til stemne med årar, notrull og snurpedavit. Snurpespelet på tofta vart smurt og stelt.

Første stemnet var Havnadagane i Haugesund, så var det Kanaldagane i Finnås og til slutt Kystdagane på Sunde.

Så får vi samla mot og mannskap og reisa til Kviturspollen ein

gong og henta motordorryen og loddebåten. Det får bli ei anna soge.

Med venleg helsing
Opsangervågen veteranbåttag
Edvin Hammerø



I sjøhuset.



Endeleg ute.



Kanskje litt brutal?



Rune buksrer.



Sjølvagensande.



På Opsangervåg. Endeleg fred å få.



På slipp i Bergslagen.



Og ut igjen.



På vei til havnadagene.



Kystdagane på Sunde. Båtførar Jan Steinsland har full kontroll...



...over notahundane sine



UTRØST, bygd 1870, 150 hk dampm., Johs J Bjelkerø 001

Galeas Gurine heim til Rosendal

Tekst og foto: Bjarne Øymyr

Seint om kvelden 27. mai 2011 kom galeasen "Gurine" sigande over vikjo inn til Rosendal – truleg for første gong sidan ho vart sjøsett i 1875. Ei sliten skute, med tydeleg trong for restaurering. Men det la ingen dempar på feststemninga – korkje på kaia – eller ombord. I Rosendal var det musikkfestival og 17-mai-stemning og vifting med norske flagg.

Sidan slutten av 90-talet har entusiastar i Rosendal snakka om å få heim ei av dei gamle skutene som vart bygde der. Ein kandidat var Gjøa som står på Fram-museet, men det synte seg å vera vanskeleg. Dessutan var ho i veldig dårlig stand. Men så vart ein merksam på galeasen Gurine – som låg ved kystkultursenteret i Bergen – med tydeleg trong for rehabilitering.

Dermed var prosessen i gong for alvor – det var ingen tid å mista. Gurine måtte reddast raskt. I april 2011 vart Interesselaget Galeas Gurine skipa. Så starta planlegginga, og allereie i mai vart Gurine



Gurine sig inn til Rosendal seint om kvelden 27. mai 2011 – eskortert av Vårsol.

slept til Rosendal. Det var tidleg klart at målsettinga var å få Gurine sett i sjødyktig stand.

Gurine er bygd i Skaalafjæra i Rosendal som hardangerjakt med fartynummer to etter Gjøa. Begge skutene er bygde av Knut J. Skåle, eller Jøra-Knut'n som han vart kalla. Gjøa vart bygd i 1872 og Gurine i 1874-75.

Fem år?

Å setja Gurine i stand vil ta lang tid, og det vil krevja mot, musklar og store ressursar. Både i form av enorm

dugnadsinnsats, organisering og økonomiske midlar. Interesselaget tek høgde for at det kan gå bortimot fem år å få Gurine på sjøen. Det er mange utfordringar som skal løysast, og mykje hardt arbeid.

Frå Kvinnherad kommune fekk ein tilbod om å setje skuta på land i Knutsenfjæro i Rosendal. I første omgang for fem år, med opsjon på fem nye år om det skulle vera naudsynt. Pågangsmot er ikkje mangelvare i dugnadsgjengen. Ein av eldsjelane meinte at når Gurine kjem på sjøen om fem år, kan ein nytte dei siste fem åra på å byggja ei ny skute.



Demontering av riggen. Johannes Tveitnes og Knut Skåla.



Riggen vart teken ned og alle deler nøye merka før dei gjekk til lagring.

I løpet av sommarmånadene er Gurine rigga ned – og alle deler er nøyne merkte. Sju tonn ballast og det meste av innreiinga er teke ut. Motoren er heist på land – ein vaksen Greymarine (General Motors Detroit Diesel 6-71) frå 1953. Tilstanden er for dårlig til den kan restaurerast. Den vil bli bytta ut med ein meir moderne og driftssikker motor – som og tek mindre plass.

På land på gamlemåten

Å få over 100 tonn på land i ei fjære utan slipp eller nokon form for infrastruktur er ei utfordring i seg sjølv. Men i bygda er det framleis folk som har vore med å setje båtar på land på ”gamlemåten”. Sist det vart gjort var på 50-talet.

Teorien er enkel. Ein legg ei renne som strekk seg frå der båten skal liggja til omlag 25 meter ut i sjøen. Oppi renna legg ein ein slisk som er omlag like lang som skuta. Ved flo sjø plasserer ein skuta på slisken, som så vert trekt opp i renna. Derved dreg ein berre i slisken som skuta kviler på, og unngår evt.



Mange hender i arbeid. Gurine vart slippsett på gamlemåten med såpeslipp – 24. september 2011.

problem som kunne oppstå om ein prøvde å dra i sjøve skuta. På land lagar ein til putetre som skuta kan kvile mot når ho vert trekt opp.

Laurdag 24 september var det høg flo. Tidleg om morgonen går slepet med Gurine bort til den nye sluppen. Her ventar to gravemaskinar, to traktorar, tre-fire hjelpebåtar, tre dykkarar og eit 20-tals entusiistar/”konsulentar” klare til å setja i gong. Etter halvannan time er Gurine på veg opp. Men det er eit problem. Ho står skeivt på slisken, og er heller ikkje så langt inne på slisken som ein hadde ønska. Diskusjonen går livleg om det ville vera betre å setje ho ut igjen, og prøva igjen nokre dagar seinare.

Men ved hjelp av tautrekking (med traktor) og forsiktig lirking her og der med gravemaskinar og hjelpebåtar, rettar Gurine seg opp. Stemninga stig ganske mange hakk då det vert klart at det vil gå. Og etter fem timer er Gurine på fast grunn - der ho skal stå dei neste (truleg fem) åra.

Oppmåling med GPS

Før noko vidare arbeid tek til har ein sørga for den svært viktige oppgåva å måle opp skroget. Her har ein teke i bruk noko nyare teknologi enn det som fanst då Gurine vart bygd. Med GPS av den meir avanserte sorten får ein ei særslig måling av skroget, og sikrar at ein har dokumentasjon på skrogforma slik ho er no. Fleire restaureringsprosjekt har opplevd at skroget har endra seg når t.d. dekket vart fjerna – og såleis mista den opprinnelige fasongen. Med data frå GPS kan ein lage 3D-modellar som vil vera til stor hjelp i arbeidet vidare.


Tilstanden

I vinter skal Gurine under tak og få tid til å tørke. Først når ho får tørka opp vil ein kunne få eit endeleg oversyn over tilstanden. Så langt ein kan sjå no står det nok ikkje betre til enn ein hadde håpa på – heller noko verre. Over vannlinja må det meste bytast ut. Under vatn er det noko betre. Uansett er det eit svært omfattande arbeid som ligg føre.

Tak, kvilebu og eigen sti!

Neste steg i dugnadsarbeidet er å byggja tak over skuta. Dette skal henge saman med ein verkstad. Ei anna særslig innretning er kvilebu – som vil bli ein viktig møtestad! Truleg vil alt dette vera på plass før jul 2011.

Det er viktig for interesselaget at folk i bygda og andre interesserte skal kunne følgje



Måleri av Gurine slik ho framstod då ho var ny – rigga som jakt

med på arbeidet. No har dei klart å få til ein eigen sti frå båthamna i Rosendal bort til Knutsenfjøra der Gurine ligg. Dermed kan ein leggja kveldsturen innom ”Gurine” for å slå av ein drøs, og sjå kva som har skjedd sidan sist. Stien som går i fjøro gjennom eit flott kulturlandskap har sjølvsagt fått namnet ”Gurinstien”.

På skogen etter materialer

Det trengs mykje trematerialar. Til spant, hud, dekk, rigg osb. Tre veks som kjent i skogen – og fleire skogeigarar i regionen vil gjerne hjelpe til. Dei har gitt interesselaget tilbod om å hogga gratis. Saging skal visst heller ikkje vera noko problem. Men det skal veldig mykje tømmer til. Og innan ein set i gong har ein eit håp om at det skal komma inn nok midlar til at ein i det minste kan kjøpa ein del av materialane. I såfall vil det kanskje bli mogleg å framskynda heile prosjektet – kanskje med så mykje som eit år.

Organisering

Interesselaget har lagt ned ein enormt innsats allereie. Berre arbeidet med slippen krevde fleire hundre timars dugnad. Framover vil det bli minst to arbeidslag. Ei gruppe pensjonistar vil jobbe på dagtid, mens andre vil jobbe på kveldane. Interessa for å vera med på dugnad har vore god – men alle interesserte er velkomne til å melda seg til teneste. Her trengs alle typar av kompetanse og engasjement.

Fleire handverk knytt til båtbygging er i ferd med å forsvinne – også i Rosendal. Difor har ein innleia samarbeid med Fartøyvern-senteret i Nordheimsund, og vil senda folk på kurs der for å læra seg ulike handverksteknikkar. Slik kan Gurine bidra til at gamle handverktradisjonar lever vidare.

Økonomi

Sjølv om dugnadsgjengen arbeidar gratis og vil leggja ned mange tusen gratis

Historiske fakta

1875

Gurine vart bygd av Knut (Knud) J. Skále, Jøra-Knut'n i Rosendal for Jacob T. Bleie. Får namn etter kona hans – Guri Hardangerjakt med lengde 61 fot

1876-1980

Gjekk periodevis i nordlandsfarten med frakt av tørrfisk til Bergen

1906-07

Fangstskute på Svalbard. Segla sørover med 84 isbjørnar om bord

1947

Reint motorfarty

1959

Gurine vart forlengd frå 61 til 72,6 fot under namnet Halsøy, ny motor

1977

Nytta til sinking av tang

1985

Kjøpt av Georg Gundersen. Han gjennomførde ei omfattande restaurering og rigga ho som galeas

1997-2007

Stusshamn Askøy, veteranskute

2009

Gurine ligg ved kai i Sandviken og treng omfattande vøle

2011

Interesselaget for Galeas Gurine vart stifta. Gurine redda heim til Rosendal



o.l. gratis til rådvelde - trengs det penger. Prosjektet har vore møtt med enorm entusiasme i Rosendal-bygda. Mange har nok og vore avventande. Men måten interesselaget har løyst utfordringane på har gitt folk tillit til at prosjektet vil lukkast. Særleg etter at skuta kom på land er det fleire somtrur på prosjektet og investerer i andelsbrev. Eit dokument som óg gir rett til å vera med på tur når Gurine kjem på sjøen igjen.

Følg arbeidet på gurine.no

Arbeidet med Gurine er heilt i startfasen. På www.gurine.no samt på Facebook og twitter (@galeasgurine) kan ein følgje med på korleis arbeidet går.

Fartybyggjar Jøra-Knut'n

Gurine vart bygd av Knut J. Skále, Jøra-Knut'n i Rosendal. Han står med flaske og kopp midt på biletet. Her er det utsetjedram som vert forevig. Karane er frå gardane og bygdene omkring, og dei fleste var truleg og med på utsetjinga av Gjøa (1872), Agnes (1874) og Gurine (1875).

I 1874-75 vart det bygd heile sju større farty i området. Både Skaaluren, Jøra-Knut'n og Samslatten trong arbeidsfolk. Og karane frå grendene omkring fann vegen til Skålafjæro.

Gurine vart bygd som Hardangerjakta. Jaktene som vart bygde i Rosendal og elles i Kvinnherad vart kalla for Hardangerjakter då dei fleste vart selde til Hardanger. Kvinnheringane bygde og hardingane kjøpte.



Kystkalender 2012

- 1 – 3. juni: Segltreff i Raunefjorden - Hope Trebåtlag
9. juni: Kystens Dag - Indre Sogn kystlag. Tur v/Fylkeskystlaget
9. juni: Torgdag i Bergen
23. juni: Hardanger Trebåtfestival
29 – 30. juni: Hordakysttreff i Liereid i Sveio - Sveio Kystlag / HFLK
1 – 7. juli: Vinden Drar - Rågø, Småland i Sverige
6 – 8. juli: Tysnes Rundt i robåt
11 – 15. juli: Nordisk kystkulturstemne i Ebeltoft, Danmark - Forbundet Kysten m fl.
13 – 19. juli: Europeisk kystkulturstemne i Brest, Frankrike - Forbundet Kysten m fl
22. juli: Ledig helg?
26 – 29. juli: Forbundet Kystens Landsstemne - Bragdøya kystlag, Kristiansand
2 – 5. august: Risør Trebåtfestival
9 – 11. august: Fjordsteam i Stavanger
11. august: Opning av Kystsogevekene - i Sund kommune
16 – 19. august: Hamnadagane i Haugesund
11.aug – 16.sep: Kystsogevekene - arrangement i kommunar på Vestlandet

Kystkalender 2013

Hordakyststemne - i Hardanger
Forbundet Kystens Landstemne - i Sandnessjøen
Nordisk Kystkulturstemne - i Karlskrona, Sverige
Fjordsteam - i Bergen



Hordakysttreff 29.juni – 1.juli 2012

I Førdespollen sør for Straumøy i Bømlafjorden ligg den lune hamna Liereid i Sveio kommune. Her er fleire kaiar og gode lokaler å samlast i. Det seiest at det gjekk ein gamal kongeveg forbi her på 12-1300 talet. Delar av den en synleg den dag i dag.

Det er sikkert mange som huskar det store og fine Hordakyststemne som var i Auklandshamn i Sveio 3 - 5 juli 1998. Somaren 2012 skal me endeleg samlast i Sveio igjen, denne gongen litt meir uformelt, eit treff for kystlagsmedlemmer. Her vert det lagt til rette for å ha god tid til å drøse og diskutere. Grille og kose oss. Håpar mange har anledning også å ta med seg mindre båtar som osevarar o.l. slik at me kan ro og kappsegle i området.

Velkommen til Hordakysttreff på Liereid i Sveio 2012
Helsing Sveio kystlag og Hordaland Fylkeskystlag

**Velkommen til
Segltreff i Raunefjorden!**

1 – 3. juni 2012
Alle kystlag er velkomne!
Helsing Hope Trebåtlag

Foto: Roger Sangolt



ÅREBLAD

Organ for Hordaland
Fylkeskystlag og lokallaga i
Hordaland av Forbundet Kysten

HORDALAND FYLKESKYSTLAG

Leiar: *Ingunn Vardøy*,
Hope trebåttag. Pb 85, 5371
Skogsvåg. sangvard@online.no -
971 10 288
Nestleiar: *Camilla Blikstad*,
Bergen kystlag. Flatøyvegen 222,
5918 Frekhaug.
camilla.blikstad@gmail.com -
932 55 783

Styremedlemmer:
Målfrid Almås, Sagvågen kystlag.
Grunnavågsvegen 24, 5410
Sagvåg.
molfridalmos@hotmail.no -
970 81 269
Helene Ohm, Kystlaget Romsa.
5582 Ølensvåg.
helene.ohm@c2i.net - 913 02 123

Jonatan Krzywinski, Bergen
kystlag. Sydneskleiven 21 A,
5010 Bergen -
jonatankrzywinski@gmail.com -
413 38 726
Hallgeir Forstrønen Bjørnevik,
Bergen kystlag. Lekvenmarka 10,
5200 Os – hallgebj@hotmail.com
930 23 267

Hallvard Hammerø, Kvinnherad
kystlag. Sundsveien 10, 5450
Sunde i Sunnhordland -
hhammeroe@gmail.com -
950 36 557

Varamedlemmer:
Rune Lavik, Hope trebåttag. 5382
Skogsvåg. rune.lavik@mac.com -
918 33 677
Eirik Ådnanes, Bømlo kystlag.
5437 Finnås.
eirik.aadnanes@online.no -
900 15 016

Edvin Hammerø, Kvinnherad
kystlag. Pb 57, 5484 Sæbøvik.
ehammero@online.no –
950 36 558

Kasserer: Helene Ohm, Kystlaget
Romsa
Revisor: Olav Kviststein, Bergen
kystlag

LOKALLAGA
Askøy kystlag, Pb 94, 5318
Strusshamn. Leiar: Aksel
Monsen, mu09@online.no -
56145646 / 98801635

Austevoll kyst- og sogelag, 5392
Storebø. Leiar: Svein Midtøy,
smidtoy@frisurf.no 56185588 /
950 86 856

Bergen kystlag, Pb 37,
Måseskjæret, 5035 Bergen. Leiar:
Tom Backer Johnsen
backer@psych.uib.no,
bergen.kystlag@gmail.com

Bømlo kystlag, Mæland 206 D,
5430 Bremnes. Leiar Sveinung
Sønstabø,
kystlagetbomlo@gmail.com
97059032

Fjell kystlag, Espedalen 22, 5360
Kolltveit. Leiar: Torgeir Evjen,
torgeir.evjen@vtt.no – 56331294/
913 80 681

Hardangerfjorden kystlag, Pb 45,
5600 Norheimsund. Leiar:
Geirmund Storaas,
info@trebaat.no - 414 42 795

Hope Trebåttag, Helleveien, 5382
Skogsvåg. Leiar: Heine Sangolt,
siren.sangolt@domstol.no –
928 93 572

Holsnøy kystlag, Kaarbøvågen,
5917 Rossland. Leiar: Jegvan
Kaarbøe, jegvan@kaarboe.no -
911 48 103

Keipane Kystlag, Ytre Sæbø,
5938 Sæbøvågen. Leiar: Evy B.
Dame, evydame@broadpark.no -
55227825 / 97423267

Kvinnherad kystlag, Furnesvegen
34, 5450 Sunde i Sunnhordland,
jan.magne.steinsland@kvinnherad.kommune.no - 53471536 /
41682172

Kystlaget Romsa, Pb 20, 5588
Ølen. Leiar: Terje Lunde,
terje@omega.no - 98286812

Sagvågen kystlag, Pb 1047, 5408
Sagvåg. Leiar: Terje Lamo,
lamo@nettland.com - 905 66 101

Sund kystlag, Pb 119, 5373
Klokkarvik. Leiar: Johannes
Lidal, johannes@lykkebu.com,
5633 9565

Sveio kystlag, Strømøy, 5554
Valevåg. Leiar: Terje Lier,
terje.lier@norseagroup.com,
53742331 / 90837477

Tysnes kystlag, 5694 Onarheim.
Leiar: Leif Dagmund Øvrengåe -
leif_overenga@hotmail.com -
906 20 668

**LOKALLAG I SOGN OG
FJORDANE:**
Indre Sogn Kystlag, Pb 62, 6852
Sogndal. Leiar: Marny Tønnesen
- marny.tonnesen@barlinn.no -
970 30 828

Kystlaget Hornelen, Gloppestad,
6823 Sandane. Leiar: Svein Ove
Ask - uredd@online.no -
57867122 / 90040377

**LAG TILKNYTT FORBUNDET
KYSTEN:**
Trellevik båttag, Trellevik
kystkultursenter.
Leiar: Øystein Trellevik, 5397
Steinsland -
oystein.trellevik@bkkfiber.no -
920 35 874